# 2. tertial 2016

## Økonomistatus for Kvam herad per 2. tertial 2016

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.
2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.
3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføra vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

# Innhald


1 Endringar og risikomoment - drift ... 3
2 Endringar og risikomoment - investering ... 6
3 Endringar og risikoelement – balanse ... 8
4 Søknadar om støtte ... 8
5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - august 2016 ... 9
6 Økonomisk hovudoversikt - drift ... 10
7 Rammeområda - drift ... 12
7.1 Rammeområde, sosiale kostnader ... 14
8 Økonomisk hovudoversikt - investering ... 15
9 Prosjektoversikt ... 17
10 Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 094/15 ... 20
Vedlegg ... 23

# 1 Endringar og risikomoment - drift

Etter ein lengre periode med dårlege økonomiske nyhende, ser det endeleg ut som at det er eit lite lysglimt. Prognosane per 2. tertial 2016 viser høgare statlege inntekter (rammetilskot og skatt) og høgare kraftinntekter, samt lågare lånerenter. Auken er ikkje stor, og på den andre sida trengst det meir midlar til kommunen sine straumutgifter. Totalt er det framleis budsjettert med eit underskot på 5,6 mnok for 2016, men i denne tertialen er det foreslått å setja av 2,7 mnok[1] til eit skrante disposisjonsfond, i staden for å bruka av det. Innbaka i prognosen på 5,6 mnok i meirforbruk, ligg eit underskot på 9,7 mnok knytta til sjølvkostområda. Det vil seia at drifta utanom sjølvkostområda går med eit overskot.

I tertialen er det gjort nokre administrative endringar som å fordela lønspott på dei ulike tenestene, justert for mottak og bruk av øyremerka tilskots- og fondsmidlar, tidsforskyvd driftsprosjekt og konkretisert innsparingstiltak.

Eit av dei store spørsmåla i arbeidet med tertialen, har vore om rådmannen skulle justera rammene i høve manglande mottak av flyktningar, særleg etablering av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar (EMF). Integrering- og mangfaldsdirektoratet (Imdi) får ikkje klargjort nok flyktningar til busetting i kommunane. Rådmannen har oppretthalde rammene i tertialen, men her kan det koma eit budsjettavvik dersom me ikkje får forventa inntekter. Ein del av utgiftene har me allereie, men kommunen prøver å halda attende desse i så stor grad som mogleg. Etablering av bufellesskap for EMF er difor sett på vent.

**Frie statlege inntekter**
Administrasjonen budsjetterer rammetilskot og skatt ut frå KS[2] sin prognosemodell. I løpet av året er det som regel berre skatteinntektene og innteksutjamninga som varierer. Resten av tilskotselementa ligg fast dersom det ikkje vert gjort politiske endringar i Revidert nasjonalbudsjett (RNB). I ny prognose etter RNB, ser det ut til at inntektsutjamning og skatt vert 0,9 mnok høgare enn tidlegare budsjettert. I tillegg fekk kommunen 0,8 mnok meir i ekstra skjønsmidlar, fordelt på 0,3 mnok til moglegheitsstudie i Øystese og 0,5 mnok til eit interkommunal prosjekt for handtering av slamavfall.

Per 30.08.16 var det kome inn 133,3 mnok i skatteinntekter, 10,1 mnok og 8,2 % meir enn til same tid i fjor. Per juli låg Kvam sine skatteinntekter på 88,8% av landsnivået. I 2015 var det på 87,8%. Skattetala på nasjonalt nivå per august føreligg ikkje endå, men per juli var veksten på 7,6% for kommunane. Kommunane sin del av skatteinntektene (skattøre) auka frå 11,35 % til 11,8 %[3] f.o.m. 2016.

**Kraftinntekter**
Ishavskraft AS vann anbodet på kraftmekling f.o.m. 01.01.16 (tidlegare Kvam kraftverk AS), og sel kommunen si heimfallskraft (106,6 GWh) og konsesjonskraft (60,9 GWh) til spotpris. Spotprisen kan ha store variasjonar i løpet av året. Fordelinga av kraftmengdene for kjøp/sal er ulik i løpet av året, men fast per månad over år. Prisen på kjøp av kraft er fast for heile året, med unntak av energiavgifta.
Per august var krafta seld til gjennomsnittspris på 21,62 øre/kWh og ca. 63 % av kraftmengda seld.

[1] mnok = millioner norske kroner
[2] KS = Kommunenes sentralforbund
[3] Mesteparten av skatteinntektene går til staten, men 11,8% går til kommunane og 2,65% til fylkeskommunane.

**Løns- og pensjonsutgifter**
Dei sentrale forhandlingane for 2016 er ferdige, men dei lokale skal gjennomførast i september. Desse forhandlingane gjeld om lag 10 % av lønsmassen, og det er forventa at rammene held. Sannsynlegvis kan det liggje ei innsparing her, men storleiken er ukjent og potten er ikkje teken ned i tertialen.

Pensjonsutgiftene er basert på prognosar frå pensjonsleverandørane som vert omgjort til eit prosentpåslag på lønsmassen. Det er ikkje gjort endringar i 2. tertial.

Kommunen betaler ut full løn til sjukemelde arbeidstakarar, og får refundert det som overstig 16 dagar. Men det er ein del avgrensingar på refusjonen, og den ligg under 100%. Det ser ut som at refusjonen vert høgare enn budsjettert, men høgare sjukefråværsinntekter medfører som regel av i andre lønsutgifter, og det er ikkje gjort endringar i desse to postane i tertialen.

**Rentenivå**
Etter justeringar i tertialen, er det eit lånebehov på 185 mnok i 2016. Ubrukte lånemidlar var per 1.1.2016 på 116,3 mnok, det vil seia at kommunen si låneramma var på 68,7 mnok. Så langt er det teke opp lån på 56 mnok. Det er og teke opp 10 mnok i lån i Husbanken, i tråd med budsjettvedtak.

Vekta gjennomsnittsrente var per 31.08.16 2,17 % mot 2,35 % per 31.12.15. Den totale lånegjelda er i 2016 komen over 1 milliard kroner. Dei to nye låna har rente på 1,693 % og 1,217 %. I tillegg er det refinsiert eit lån på 164 mnok til 1,28 % (før 1,82) og eit Husbanklån på 6,2 mnok til 1,689 % (før 3,1). Lånet på 56 mnok skal refinansierast hausten 2016 samstundes med eit lån på 73 mnok med 3,65 %. Rentebindingstida har minka frå 2,38 år per 31.12.15 til 1,83 år per 31.08.16 på grunna av kortare binding (12 månader) på refinansieringa på 164 mnok og 7 månader for lånet på 56 mnok. Lengda på bindinga vert vurdert i kvart tilfelle ut frå marknadssituasjonen og låneporteføljen til kommunen. På grunn av kommunen sitt høge gjeldsnivå, har rådmannen inngått ein del rentebindingar, og vil vurdera å auka tida for refinansieringane som skal gjerast til hausten.
På grunn av lågare rentenivå og låneopptak, er renteutgiftene redusert med 1,4 mnok i tertialen.

Kvam herad plasserer likvide midlar frå fond og ubrukte lånemidlar i bankinnskot og direkteeigde rentebærande verdipapir utstedt av norske sparebankar. Per 31.8.16 utgjorde porteføljen i verdipapir 197,5 mnok. Avkastninga er 2,11 % per 31.08.16 og estimatet for 2016 er på 4,4 mnok mot budsjett på 3.8 mnok, men inntekta i tertialen er ikkje justert.

Nytt framlegg til reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert lagt fram i same møtebolk som tertial.

**Innsparingskrav og -tiltak**
Det vart laga ein plan for å ta ned drifta med 40 mnok per år i samband med økonomiplanen for 2016-2019. Planen vart revidert i samband med 1. tertial 2016, og dannar grunnlag for budsjettarbeid hausten 2016. Nokre av tiltaka er generelle og enkelte av summane er sett ut frå kva kommunen må få til, og ikkje ut frå nøyaktige kalkylar. Det er difor eit pågåande arbeid å realisera innsparingane, og å konkretisera dei generelle tiltaka. Og å koma på nye, når ein ser at tiltaket ikkje gav venta innsparing, eller nye utfordringar oppstår. Ein del av tiltaka tek tid å få på plass. Eit av dei mest nytta tiltaka er difor å halda stillingar vakante. Det kan medføra at tilbodet av ei teneste vert lågare enn det som elles ligg til grunn i budsjettet fordi det tilfeldigvis kom ei ledig stilling her.
Det er utfordrande å realisert innsparingane, men det er ikkje gjort framlegg til endringar i rammene i 2. tertial, med eit unntak. Nivået på utgifter til straum ser ut til å vera for lågt, og utgifta er foreslått auka med 2,5 mnok i tertialen. Det ser ut som at forbruket er relativt stabilt, men prisen høgare. Det er nyleg inngått ny avtale på kjøp av straum med Kvam kraftverk AS, etter ein anbodskonkurranse, men nettprisen er det monopol på. Det vert arbeidd med å sjå på forbruk, ENØK-tiltak og sparekampanje, men det vil ikkje vera nok til dei rammene som ligg i budsjettet.

**Enkeltsaker**
Sjølv om kommunen har budsjettrammer på nesten 800 mnok, er marginane likevel så små at enkeltssaker er utfordrande å handtera, og barnevernssaker, ressurskrevjande brukarar og ras er typiske enkeltssaker som kan gje kommunen ekstra utfordringar i løpet av eit år. Det er ikkje budsjettert med nokon reserve eller pott til desse tilfella, og det er heller lagt vekt på å jobba mest mogeleg førebyggjande for å unngå slike enkeltsaker. Så langt ser det ut til at det er innsparingar i barnevern og ressurskrevjande brukarar.

**Flyktningesituasjonen**
Kvam har per 1. september i år busett 8 flyktningar. Kommunen har avtale om å busette ytterlegare 7 flyktningar i løpet av september 2016. Då har Kvam busette 15 av eit vedtak på 110 flyktningar i perioden 2016-2019, der 30 flyktningar er planlagt motteke i 2016. Flyktningtenesta har som eit klart mål å få busette 30 flyktningar innan desember 2016.
Det har vore særs ulike signal frå Integrering- og mangfaldsdirektoratet (Imdi) i år. I starten av året var det ein stor pågang frå Imdi med spørsmål om når kommunen var klar med bustader, og signal om at Kvam kunne starte busetting i mars 2016. Dette vart det ingenting av, då det viste seg at Imdi ikkje hadde flyktningar som var klare for busetting på dette tidspunktet.
Kommunen har i heile 2016 hatt bustader klare, men den statlege delen av busettingssystemet har ikkje hatt flyktningar klare for busetting.

Kvam har budsjettert med 17 mnok i integreringstilskot frå Imdi i 2016. Med dei som det er gjort avtale om i september 2016 og utbetalingar som ein veit kjem for flyktningar som er busett, vil ein innan utgangen av september 2016 ha ei inntekt på 10,5 mnok. Kvam herad er heilt avhengig av å busette 15 flyktningar til innan utgangen av 2016 får å nå budsjettmålet.

Integringsarbeidet i Kvam er i stadig utvikling. Kommunen har søkt om og klart å setje i gang spennande prosjekt som temaveka om radikalisering (gjennomført i mars) og prosjektet «Fagkurs for opplæring av flyktningar i landbruk og tilhøyrande verksemder». Det siste prosjektet er i samarbeid med Ullensvang herad. Temaveka vart gjennomført i særs godt samarbeid med Grannehjelpa.

Det er framleis ei utfordring å få flyktningar kvalifisert for den norske arbeidsmarknaden. Dette gjeld både språk og formell kompetanse/utdanning. Flyktningtenesta har som mål å få eit meir fullverdig og individualisert introduksjonsprogram for flyktningar i Kvam. Den største utfordringa er å ha nok språkpraksis og arbeidspraksisplassar som er individuelt tilpassa den enkelte flyktning. Tenesta er ikkje heilt i mål, men har hatt ei god utvikling i 2016.

I HST-021/16 vedtok heradsstyret å busetja 8 einslege mindreårige flyktningar (EMF) over 15 år og 2 under 15 år i 2016. Så langt er det kome 2 EMF i hybelverttiltak. Det er venta 2 til i løpet av hausten. Rådmannen har måtte stoppa opp prosessen med å oppretta bufellesskap, då Imdi ikkje kan garantera at me får tilstrekkeleg med born til å skapa forutseielege rammer og til å finansiera tiltaket, eller seia noko om når dei kan gje oss ein slik garanti. Inntekter og utgifter til bufellesskapet ligg framleis inne i budsjettet.

# 2 Endringar og risikomoment - investering

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet. I tertialen er det justert for ekstra krav til eigenkapital frå KLP på 0,4 mnok, finansiert med kapitalfond. I tillegg er salssummen på ICA-bygget lagt inn med 12,6 mnok, foreslått sett av på bustadfeltfond.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamant i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer.

**Nye prosjekt i tertialen:**
Ingen nye prosjekt i tertialen.

**Tidlegare vedtak innarbeidd i tertial:**

**P17141 – Kjøp av modulbygg** er utvida med 0,9 mnok eksl. mva., finansiert med lån og mva.komp., i tråd med vedtak.
**P61147 – Skutlabergvegen – rassikring og veg** har auka i omfang, og prosjektet er foreslått utvida med 2,5 mnok inkl. mva. til 8,9 mnok, finansiert med mva.kompensasjon på 0,5 mnok og auka låneopptak med 2 mnok.

**I tertialen er det foreslått å utvida/redusera rammene til følgjande prosjekt:**

**P16152 – Telefon- og varslingssystem** er utvida med 0,35 mnok for innarbeiding av øyremerka tilskot til velferdsteknologi. I tillegg er prosjektet forskyvd med 1,25 mnok til 2017.
**P60159 – VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentrum – Stonde)** er foreslått auka med 1,3 mnok 4,8 mnok dekking av omprosjektering av kulvert, samt ny prosjektering av strekninga mot Laupsa. Auken vert dekka med auke i låneopptak.
**P61082 – VA-anlegg mot Eikedalen** er auka med 1,7 mnok til 1,5 mnok, for å justera for auka inntekter/utgifter i prosjektet
**P61155 – Rassikring – murar og fjell** er foreslått utvida med 0,27 mnok, finansiert med mva.kompensasjon på 0,87 mnok og lån på 0,18 mnok for å dekka uventa utgifter etter eit ras på Valland.
**P62115 – Branntryggleik Strandebarmsheimen** er utvida med 1,9 mnok for tilskot på 1,5 mnok frå Husbanken til arbeidet med Branntryggleik og mva.kompensasjon 0,4 mnok.
**P62164 – Utleigebustad – Bergtun**. Kvam herad har fått tildelt utbetringstilskot på 0,6 mnok frå Husbanken for å finansiera ombygging av 2 bustader til flyktningar. Ombygging kjem innunder investeringomgrepet, og det er difor innarbeidd ei nytt prosjekt i tertialen til dette føremålet.
**P62165 – Infrastuktur ind.område Sandvenhagen** er foreslått utvida med 1,5 mnok inkl. mva til 2,75 mnok, finansiert med mva.kompensasjon på 0,3 mnok og 1,2 mnok i fondsmidlar som vert sett av på bustadfeltfond etter sal av del av industriområdet. Utvidinga er gjort med bakgrunn i innkomne anbod, som ligg høgare på grunn av større trong for massar enn tidlegare prosjektert for.
**P70131 – Skytebane Vangdalsåsen** – er utvida med 0,44 mnok for erstatning for grunnerverv frå skytterlaga til utbetaling av skjønserstatning til grunneigar. Det er ingen netto endring for kommunen. Prosjektet er ferdig innanfor rammene.
**P90131 – Ålvik skule** er redusert med 9 mnok inkl. mva til ei ny ramma på 41 mnok inkl. mva, 32,8 eksl. mva.

**Andre prosjektendringar:**

**P18131 – Portal- og adm.system** er forskyvd med 0,25 mnok.
**P18133 – Heilelektronisk arkiv** er forskyvd med 1,13 mnok.
**P18162 – Utskifting adm.system** er forskyvd med 0,64 mnok.
**P60096 – Komp.midlar veg – Skjering, Bakka** er forskyvd med 3,1 mnok.
**P60134 – Familie- og læringssenter** er forskyvd med 32 mnok.
**P60158 – VA Høgdebasseng Ålvik** er forskyvd med 0,6 mnok.
**P60161 – Asfaltering 2016** er redusert med 0,625 mnok og P60181 – Asfaltering 2018 er redusert med 0,625 mnok, som er foreslått overført til P60171 – Asfaltering 2017 og P60191 – Asfaltering 2019 for å få skapa rom for større asfalteringsprosjekt.
**P60168 – Toloheimen – tilbygg og ombygging** er forskyvd med 11,5 mnok.
**P60169 – Øysteseheimen – tilbygg og ombygging** er forskyvd med 2,8 mnok.
**P61143 – Veg Sandvenhagen/Sæland** er forskyvd med 1,9 mnok.
**P61151 – Kryss Tolo – Buspareklubben** er forskyvd med 2 mnok.
**P61152 – Bruprosjekt – Netelandsbrua** er forskyvd med 1,9 mnok
**P61153 – Parkering Bjørketeigen** er forskyvd med 1,25 mnok
**P61159 – VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret** er forskyvd med 0,5 mnok.
**P61168 – Sigevatn Tolomarka** er forskyvd med 0,5 mnok.
**P62132 – Bårehus Øystese** er forskyvd med 4 mnok.
**P62153 – Oppgr. Av område/bygg teknisk Sandven** er forskyvd med 1 mnok.
**P62163 – Rassikring i Bergshagen** er forskyvd med 2 mnok.
**P65161 – Digialt naudnett – kompatible GPS** er forskyvd med 0,12 mnok

# 3 Endringar og risikoelement – balanse

Kommunen forvalta eigedelar for om lag 2,5 milliardar (mrd) per 31.12.15, der om lag 1,2 mrd var faste eigedomar, anlegg og utstyr. Dei største postane var føremålsbygg som sjukeheimar, omsorgsbustader, skular og barnehagar. Rådmannen har skrive ned nokre anlegg i samband med riving og sal tidlegare. Skulen i Ålvik vil truleg verta delvis nedskriven i 2016 (bokført verdi 1,3 mnok). Pensjonsmidlane er den nest største posten (0,8 mrd) og deretter obligasjonar på 0,2 mrd. I tillegg har kommunen eit premieavvik[4] på 83 mnok. Pensjonsmidlane vert forvalta av pensjonsleverandøren KLP og obligasjonane av Bergen Capital Management.
Kommunen sine aksjar/andelar var per 31.12.15 verdsett til 78 mnok, og er klassifisert som anleggsmiddel då midlane er plassert i selskap som kommunen har ei næringspolitisk eller samfunnsmessig motivasjon for å engasjera seg i. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS (10), BKK AS (50,6) og eigenkapitalinnskot i KLP (16,5). Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdera om verdien skal nedskrivast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Etter fleire nedskrivingar i 2015, ser ikkje rådmannen at det er sannynleg med andre, større nedskrivingar i 2016.
Vidare utlån av Husbanklån (startlån) til private låntakarar var per 31.12.2015 på 49 mnok. Kundekrav og kortsiktige krav på 59 mnok. Nokre av desse krava går tapt i løpet av året, og det er sett av eit estimert tap på krav i rekneskapen.

På motsatt sida i balansen utgjer langsiktig gjeld 1,9 mrd, der 1 mrd er kalkulert pensjonsforplikting. Eigenkapitalen til kommunen har fondsmidlar på 0,1 mrd og på kapitalkonto[5] 0,3 mrd. Anna kortsiktig gjeld er på 0,1 mrd.

# 4 Søknadar om støtte

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilete av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Det har ikkje kome inn søknader om støtte i samband med 2. tertial 2016.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjettrammer.

[4] Premieavviket er differansen mellom netto pensjonskostnad og innbetalt premie.
[5] Kapitalkontoen har ein heilt spesiell funksjon i kommunerekneskapen. Saldoen viser i hovudsak kommunen sin samla eigenfinansiering av anleggsmidlar.

# 5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - august 2016

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar - august 2016. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

| Møte dato | Saksnr. | Sakstittel | Vedtak i kr | Finansiering |
|---|---|---|---|---|
| 09.02.2016 | HST-009/16 | Samlokalisering av FDV Bygg og Kommunalteknikk på Sandven | 8.300.000 | P62153 – Oppgradering område/bygg teknisk Sandven finansiert med lån |
| 15.03.2016 | HST-020/16 | Lokalisering av Kvam familie- og læringssenter | 21.300.000 | P60134 – Familie- og læringssenter er utvida med 33,8 mnok inkl. mva, finansiert med mva. kompensasjon, 10 mnok frå Bustadfeltfond og 17 mnok i lån. |
| 15.03.2016 | HST-021/16 | Mottak av einslege mindreårige flyktningar | 0 | Mottak av 16 mindreårige flyktningar. Inntekter og utgifter er innarbeidd i tertial. |
| 15.03.2016 | HST-022/16 | Oppretting av nye institusjonsplassar i helse og omsorg | 15.800.000 | Nye institusjonsplassar på Øysteseheimen og Toloheimen er finansiert med mva. kompensasjon 3,2 mnok, tilskot på 7 mnok og lån 5,7 mnok. |
| 15.03.2016 | HST-031/16 | Kommunal stønad til utgreiing av Hordalandsdiagonalen | 300.000 | Finansiert med kompensasjonsmidlar. |
| 15.03.2016 | HST-033/16 | Ålvik skule – alternative byggjemetodar | -9.000.000 | Reduserte rammer innarbeidd i 2. tertial. |
| 22.04.2016 | FSK-027/16 | Torpevegen – gjenståande arbeid og opsjon 2016 | 2.100.000 | P61102 og P61148 er utvida med 0,8 og 1,3 mnok, finansiert med lån. |
| 04.05.2016 | FSK-044/16 | Ytterlegare løyving til rassikring Torpevegen | Inntil 20.000 | Ikkje innarbeidd då arbeidet truleg kan gjerast innanfor gjeldande rammer. |
| 10.05.2016 | HST-043/16 | Evaluering av tilskot til Høgskuleutdanning i Hardanger | 80.000 x 5 år | Finansiert med næringsfond. |
| 14.06.2016 | HST-061/16 | Støtte til Cruise Destination Hardangerfjord 2017-2019 | 40.000 x 3 år | Må innarbeidast i budsjett/øk.plan 2017-2020. Finansierast med næringsfond |
| 30.08.2016 | FSK-060/16 | Utvida rammer til P17141 – kjøp av modulbygg | 900.000 | Finansiert med lån, i tillegg til mva.komp. |

# 6 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2016, endringar i tertial. Tal i 1.000

| | DRIFTSINNTEKTER | | Rek 2016, August | Opph.bud 2016 | Budsjett 2016 etter 2. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring i 2. tertial |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| LN01 | Brukarbetalingar | | 16 627 | 24 790 | 24 790 | 67,1 % | 0 |
| LN02 | Andre sals- og leigeinntekter | | 37 241 | 49 928 | 63 778 | 58,4 % | 1 551 |
| LN03 | Overføringar med krav til motyting | | 50 200 | 74 792 | 80 918 | 62,0 % | 1 900 |
| LN04 | Rammetilskot frå staten | | 189 548 | 272 332 | 275 125 | 68,9 % | 882 |
| LN05 | Andre statlege overføringar | | 28 668 | 33 600 | 54 600 | 52,5 % | 2 500 |
| LN06 | Andre overføringar | | 705 | 9 410 | 3 307 | 21,3 % | -2 303 |
| LN07 | Skatt på inntekt og formue | | 130 335 | 211 401 | 207 719 | 62,7 % | 812 |
| LN08 | Eigedomsskatt | | 21 126 | 43 000 | 42 300 | 49,9 % | 0 |
| LN09 | Andre direkte og indirekte skattar | | 76 | 3 900 | 4 062 | 1,9 % | 0 |
| **LN10** | **Sum driftsinntekter** | **B** | **474 526** | **723 153** | **756 598** | **62,7 %** | **5 342** |
| | **DRIFTSUTGIFTER** | | **Rek 2016, August** | **Opph.bud 2016** | **Budsjett 2016 etter 2. tertial** | **Forbruk h.i.å %** | **Endring i 2. tertial** |
| LN11 | Lønsutgifter | | 260 277 | 403 660 | 411 540 | 63,2 % | 913 |
| LN12 | Sosiale utgifter | | 76 786 | 111 563 | 111 421 | 68,9 % | 805 |
| LN13 | Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon | | 56 259 | 88 715 | 92 835 | 60,6 % | 453 |
| LN14 | Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon | | 32 750 | 40 383 | 43 932 | 74,5 % | 200 |
| LN15 | Overføringar | | 42 377 | 48 089 | 69 195 | 61,2 % | 135 |
| LN16 | Avskrivingar | | 0 | 39 779 | 39 779 | 0,0 % | 0 |
| LN17 | Fordelte utgifter | | -13 | -4 718 | -4 718 | 0,3 % | 0 |
| **LN18** | **Sum driftsutgifter** | **C** | **468 436** | **727 471** | **763 983** | **61,3 %** | **2 506** |
| ***LN19*** | ***BRUTTO DRIFTSRESULTAT*** | ***D=B-C*** | ***6 091*** | ***-4 318*** | ***-7 385*** | ***-82,5 %*** | ***2 836*** |
| | **EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER** | | **Rek 2016, August** | **Opph.bud 2016** | **Budsjett 2016 etter 2. tertial** | **Forbruk h.i.å %** | **Endring i 2. tertial** |
| LN20 | Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | | 14 363 | 15 550 | 16 003 | 89,8 % | 3 |
| LN21 | Gevinst finansielle instrumenter | | 6 | 200 | 200 | 3,1 % | 0 |
| **LN23** | **Sum eksterne finansinntekter** | **E** | **14 369** | **15 750** | **16 203** | **88,7 %** | **3** |
| LN24 | Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | | 5 822 | 23 133 | 21 733 | 26,8 % | -1 400 |
| LN25 | Tap finansielle instrumenter | | 197 | 200 | 200 | 98,6 % | 0 |
| LN26 | Avdragsutgifter | | 4 839 | 32 250 | 32 250 | 15,0 % | 0 |
| **LN28** | **Sum eksterne finansutgifter** | **F** | **10 858** | **55 583** | **54 183** | **20,0 %** | **-1 400** |
| ***LN29*** | ***Resultat eksterne finansieringstransaksjoner*** | ***G=E-F*** | ***3 511*** | ***-39 833*** | ***-37 980*** | ***-9,2 %*** | ***1 403*** |
| LN30 | Motpost avskrivingar | | 0 | 39 779 | 39 779 | 0,0 % | 0 |
| ***LN31*** | ***NETTO DRIFTSRESULTAT*** | ***I*** | ***9 602*** | ***-4 373*** | ***-5 586*** | ***-171,9 %*** | ***4 239*** |
| | **AVSETNINGAR** | | **Rek 2016, August** | **Opph.bud 2016** | **Budsjett 2016 etter 2. tertial** | **Forbruk h.i.å %** | **Endring i 2. tertial** |
| LN33 | Bruk av disposisjonsfond | | 500 | 2 069 | 2 525 | 19,8 % | 376 |
| LN34 | Bruk av bundne fond | | 2 206 | 22 756 | 20 096 | 11,0 % | -5 198 |
| **LN35** | **Sum bruk av avsetningar** | **J** | **2 706** | **24 825** | **22 621** | **12,0 %** | **-4 822** |
| LN36 | Overført til investeringsrekneskapet | | 0 | 0 | 200 | 0,0 % | 0 |
| LN38 | Avsetningar disposisjonsfond | | 0 | 7 949 | 4 791 | 0,0 % | 2 651 |
| LN39 | Avsetningar til bundne driftsfond | | 2 056 | 12 503 | 12 044 | 17,1 % | -3 234 |
| **LN40** | **Sum avsetningar** | **K** | **2 056** | **20 452** | **17 035** | **12,1 %** | **-583** |
| ***LN41*** | ***Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk*** | ***L=I+J-K*** | ***10 252*** | ***0*** | ***0*** | | ***0*** |

**Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):**

**Sum driftsinntekter er auka med 5,3 mnok**
LN02 – Prognosene for sal av konsesjonskraft viser ein auke på 1,4 mnok. I tillegg er det ei flytting på på 0,2 i inntekter knytt til legetenester frå LN03.
LN03 – Eit av innsparingstiltaka, er å auka tilskotsinntektene, og kommunen har totalt ein netto auke på 1,9 mnok i tertialen. Det gjeld bl.a. ulike tilskot knytt til flyktningar (0,7) tilskot til vidareutdanning ( 0,5), LOS-ordninga (0,3), kompetanse- og innovasjonstiltak (0,3), ressurskrevjande brukarar (0,5) og kompensasjonsmidlar arb.gj.avgift (0,4). På den andre sida er det flytt 0,2 mnok til LN02, og tidsforskyvingar i prosjekt gjev 0,6 mnok lågare mva.kompensasjon.
LN04 – Inntektsutjamnade rammetilskot er auka med 0,1 mnok, og kommunen har fått 0,8 mnok i ekstra skjønsmidlar til 2 tiltak. Midlane er øyremerka, og sett av på fond
LN05 – Prognosen på heimfallskraftinntekter viser ein auka på 2,5 mnok.
LN06 – Tidsforskyving i prosjekt, som P71091 – Tettstadutvikling Ålvik, medfører ein reduksjon på 2,5 mnok i andre overføringar. På den andre sida har kommunen motteke ei gåve på 0,2 mnok frå Lions til El-sykar.
LN07 - Skatteinntektene er auka med 0,8 mnok.
LN08 – Ingen endring
LN09 – Ingen endring

**Sum driftsutgifter er auka med 2,8 mnok**
LN11 – Lønsutgiftene er auka med 0,9 mnok der 0,5 gjeld utgifter til vidareutdanning (sjå ref. LN03), arbeid med flyktningar (0,4 mnok, ref. LN03) og LOS-ordninga (0,7), totalt 1,6 mnok. På den andre sida er 0,7 mnok av utgiftene er sosiale utgifter knytt til einslege mindreårige flyktningar (EMF).
LN12 - Sosiale utgifter er auka med 0,8 mnok der ca. 0,7 mnok av desse er knytt til einslege mindreårige flyktningar, flytta over frå LN11.
LN13 – posten har totalt auka med 0,5 mnok. Kjøp av straum har auka med 2,5 mnok og 0,2 mnok gjeld kjøp av EL-syklar, med 2,4 mnok er reduksjon som følgje av tidsforskyving i ulike driftsprosjekt.
LN14 – Kjøp frå andre er auka med 0,2 mnok der 0,3 mnok gjeld kjøp av undervisningstenester/-samarbeid med vidaregåande skule til flyktningar, og driftsavtale med andre kommunar er redusert med 0,1 mnok som eit innsparingstiltak i kulturskulen.
LN15 – Netto har posten auka med 0,1 mnok. På grunn av auka sal og auka andel i grunnrenteskatt på heimfallskraft, aukar kraftutgiftene med 1,8 mnok. 0,3 mnok gjeld utbetaling av gåva for «Attraktiv tettstad», og 0,5 mnok til Skyspace og 0,1 mnok til Utviklingsprosjekt Jondalstunnelen er tidlegare vedtak som er innarbeidd i tertialen. Tidsforskyving i prosjekt medfører ein reduksjon i 2016 på 2,6 mnok.

**Eksterne finanstransaksjoner er redusert med 1,4 mnok.**
Renteutgiftene på lån ser ut til å verta 1,4 mnok lågare enn budsjettert.

**Netto driftsresultat etter 2. tertial er 4,2 mnok betre enn i 1. tertial.**

**Fondsdisponeringar**
Bruk av fondsmidlar er redusert med 4,8 mnok. 2,5 mnok gjeld tidsforskyving i driftsprosjekt og 4 mnok justering av bundne sjølvkostfond. På den andre sida er det ein auke på 0,3 mnok i bruk av midlar til eit Moglegheitsstudie i Øystese og 0,5 mnok til Skyspace, og auke på 0,5 mnok i bruk av tidlegare avsette midlar til etablering av KFL.

Hovuddelen i reduset avsetning til bundne fond gjeld redusert bruk av bundne sjølvkostfond (4 mnok, sjå motpost over), men det er og sett av 0,4 mnok i auka kompensasjonsmidlar og 0,8 mnok i ekstra skjønstilskot. Avsetning disp.fond er auka med 2,7 mnok som følgje av resultatforbetringa.

# 7 Rammeområda - drift

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA–tema for Kvam herad. Tal i 1.000

| Hovudoversikt drift 2016 (ekskl. sos.kost og avskr.) Fordelt på Kostra-tema | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Forbruk tom August 2016 | Forbruk i % tom 2.tertal | Opphavleg budsjett | | 2. tertial 2016 | | |
| Tema (i 1000 kr) | Netto forbruk 2016 | Netto | Brt. utg. 2016 | Netto utg 2016 | Brt. utg. 2016 | Netto utg 2016 | Endring 2. tertial |
| Politisk verksemd | 2 426 | 51 % | **4 811** | 4 769 | 5 015 | 4 673 | -0 |
| Adm. og fellesutgifter | 33 663 | 112 % | **39 917** | 29 976 | 40 346 | 30 204 | -79 |
| Barnehagar | 25 694 | 53 % | **61 876** | 48 314 | 61 767 | 48 020 | -504 |
| Grunnskule | 62 600 | 61 % | **122 641** | 103 140 | 124 431 | 102 478 | -527 |
| Kommunehelse | 14 293 | 58 % | **31 241** | 24 450 | 32 235 | 24 070 | -731 |
| Helse- og omsorgstenesta | 94 369 | 73 % | **177 039** | 129 474 | 180 430 | 132 980 | 421 |
| Sosialteneste og NAV | 18 077 | 64 % | **31 326** | 28 067 | 32 940 | 29 003 | 859 |
| Barnevern | 9 210 | 54 % | **18 589** | 17 176 | 22 242 | 16 222 | -566 |
| Bustader | (7 308) | 92 % | **9 151** | -7 969 | 9 573 | -7 546 | 422 |
| Plan | 2 466 | 46 % | **14 547** | 5 402 | 10 765 | 4 664 | 1 |
| Næringstøtte og komm. forretningsdrift | (2 611) | 48 % | **16 087** | -5 425 | 41 141 | -5 876 | -2 130 |
| Brann og ulykkesvern | 6 222 | 87 % | **9 426** | 7 158 | 9 426 | 7 159 | 1 |
| Samferdsle og grøntanlegg | 4 944 | 46 % | **15 334** | 10 781 | 15 377 | 10 573 | -207 |
| Vatn avløp og renovasjon/avfall | (3 419) | 23 % | **22 030** | -14 672 | 19 250 | -14 018 | 450 |
| Kultur | 7 849 | 49 % | **23 522** | 15 927 | 22 134 | 15 739 | -188 |
| Kyrkje | 3 463 | 64 % | **5 455** | 5 437 | 5 455 | 5 437 | 0 |
| Skatt og rammetilskot | (356 246) | 65 % | **0** | -551 983 | 3 200 | -552 194 | -1 694 |
| Finans | (3 457) | -9 % | **53 890** | 38 415 | 52 543 | 36 990 | 3 667 |
| Komp. For mva i investring | - | #DIV/0! | **0** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Årets resultat | - | | **0** | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Motpost avskrivingar | - | 0 % | **0** | -39 779 | 0 | -39 779 | 0 |
| **Sum** | | | **656 882** | **-151 342** | **688 270** | **-151 200** | **-805** |

2. tertial 2016 viser nytt budsjett etter endringar i perioden februar til august 2016. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet. Normalforbruket per 2. tertial er 63,2 % på fastløn og 66,7 % for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvike frå normalforbruket.

**Andre opplysningar:**
Alle sosiale utgifter er tekne ut av tabellen. Budsjettjusteringar på bakgrunn av nye prognosar frå pensjonsselskapa kan medføre store endringane på det enkelte rammeområde. Sidan dette er kostnader som einingane ikkje kan påverke direkte, vert dei halde utanfor denne tabellen.
Dei vesentlege endringane i lønsnivå vert difor kommentert pr. tema, medan sosiale utgifter vert kommentert for seg.

I 2. tertial 2016 vert alle endringar på rammeområde samla i ein tabell. Endringane vert ikkje spesifisert på den enkelte funksjon i eigne tabellar for kvart område.

**Forklaringar til endringar i budsjett etter 2.tertial 2016:**
